



Meland kommune

Brøytekontrakt

Saksbehandler : Tenesteområde Plan, utbygging og kommunalteknikk/Anny Bastesen
 Vår referanse: 16/2442 - 3 / FA - Q14, FA - Q03
 Dato: 01.11.2018

Underteikna tek på seg brøyting og strøing med traktor i Meland kommune i samsvar med til ei kvar tid gjeldande brøyteliste.

Kontraktøren held godkjent traktor med varsellys m.m. og er kjent med at kommunen ikkje er ansvarleg for skade som måtte bli påført tredjeperson under brøytinga. Kontraktøren skal vere forsikra mot det ansvar han kan koma i.

Kontraktøren er ansvarleg for å skaffe vikar ved fråver. Kontraktøren må også oppgi namn og telefonnummer til den som skal utføre snøbrøytinga for han.

Brøyting skal skje når det er trong for dette eller etter nærare ordre frå kommunen. Ved behov for strøing skal det avklarast med den som har brøytevakt før det blir strødd.

Brøytinga skal utførast skikkeleg slik at vegar, gang- og sykkelvegar, snuplassar og parkeringsplassar vert brøyt ut i full breidde. Det er viktig at alle forbikøyringsstader vert godt utbrøytt. Det same gjeld svingar og vegkryss.

Dei vegane der det går rutegående bussar må prioriterast.

Kommunen skal inntil vida re halde plogar, spesialutstyr og slitedelar til skjær. Kommunen skal halde strøpparat til brøytarane viss dei blir kalla inn for å strø. Kommunen er ansvarleg for å skaffe sand og salt til anvist plass.

Reparasjon på kommunalt utstyr, samt montering av slitedelar, skal betalast av kommunen etter medgått tid og etter vanlege timesatsar for slikt arbeid. Det skal sendast særskilt faktura for dette arbeidet.

Timeprisar brøyting

Traktor inntil 65H	kr	600,-	frå 01.10.2018
Traktor over 65 HK	kr	750,-	frå 01.10.2018
Tillegg for frontlastar/plogløftar	kr	55,-	frå 01.10.2018
Tillegg for eige skjær (framme)	kr	55,-	frå 01.10.2018

<u>Beredskap pr år</u>	kr	80 000,-	frå 01.10.2018
------------------------	----	----------	----------------

Dersom kommunalt utstyr vert nytta til privat brøyting skal kommunen ha kr 55,- pr time for plog og 55,- pr time for skjær.

Prisane vert ikkje indeksregulert.

Fakturering

Faktura skal primært sendast med e-post til postmottak@meland.kommune.no innan den 1. i kvar månad i brøytesesongen. Beredskapsgodtgjersla skal takturast i to delar, ein før og ein etter årsskiftet.

Faktura skal vere merka med Brøyting Meland 2018/2019.

Alternativt papirfaktura til: Meland kommune, fakturamottak, Postboks 79, 5906 Frekhaug

Generelt

Brøytesesongen gjeld frå 01.10 til 01.06 etterfølgjande år.


Gjensidig oppseiingstid er 3 mnd

Denne brøytekontrakten gjeld frå 01.10.2018 til 31.12.2019.

Frekhaug 01.11.2018



For Meland kommune



For kontraktør: